# VOSSA JAZZ

HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Hordaland

## Støtte til Vossa Jazz-arkiv

**JAZZ**: Riksarkivet gjev 50.000 kroner til Hordaland fylkesarkiv. Midlane skal brukast til å samla inn, ordna, registrera og gjera tilgjengeleg arkiva etter Vossa Jazz. Pengane kjem frå prosjekt- og utviklingsmidlar frå Riksarkivaren, som 25. mai har fordelte pengane etter søknader frå heile landet.



**I GRYTO**: Kjellaren i sosialbygget, også kjend som ungdomsklubben Gryto, vart omdanna til jazzkafé dei fyrste åra av Vossa Jazz. Biletet er frå 1977. FOTO: HORDALAND

# Vossa Jazz-historia skal i fylkesarkivet

**– Absolutt alt er av interesse! Trude Storheim og Vossa Jazz må på bygda og jakta godbitar til sitt eige arkiv.**

I løpet av november kjem Fylkesarkivet til Voss og Vossa Jazz for å henta rått og rote av festivalen sitt arkivmateriale. For framtida skal alt; pressemeldingar, omtalar, plakatar, program, bilete, lydopptak, filmopptak, gode og dårlege historier og minne, t-skjorter, klistremerke – rubbel og bit – halda hus i Fylkesarkivet sine lager i Bergen.

– Det var Fylkesarkivet som tok kontakt med oss, med ynskje om å overta arkivet vårt. Og det er eigentleg berre bra, seier festivalleiar Trude Storheim – og minner om brannen som gjorde innhogg i Vossa Jazz-arkivet for nokre få år sidan.

### På bygda

Sjølvsagt har Vossa Jazz samla mykje sjølv sidan starten i 1974, men festivalletaren er likevel overtydd om at det finst mengder av spennande og til no ukjent materiale kringom i heimane, både på Voss og andre stader. Derfor set ho no i gang ein storstilt innsamlingsaksjon. Vossingar og andre har ein dryg månad på seg til å ransaka hjernen og eigen heim etter løynde og kanskje gløymde Vossa Jazz-skattar.

– Og me seier som politiet: alt er av interesse, og det er me og Fylkesarkivet som skal vurdera om ting er interessante eller ikkje! Ingen ting er for lite, ingen ting for stort. Her må alt fram i dagen.

### Absolutt alt

Det er sjølvsagt lettast å tenkja på fysiske gjenstandar når ein skal rekja etter kva som kan finnast av Vossa Jazz-relikviar i heimen. Men innsamlarane er minst like interesserte i sannsoger, gode eller mindre gode minne frå ein fordums festival, sjølvtekne foto av varierande kvalitet, eller høgst uautoriserte lydopptak frå konsertar med forbod mot nett slike opptak.

Ingen risikerer straffeforfylgjing for gamle synder, så om det er nokon som har eigenproduserte piratopptak eller foto tekne der ingen kamera skulle ha tilgjenge, er det heilt fritt for fare å stå fram no. Den som kjem med slikt gull kan tvert om venta seg ein klapp på skuldra og kanskje ein klem frå festivalsjefen. Kva Fylkesarkivaren sine folk kan finna på av takkesingar er det nok berre han eller ho som veit.

Ta kontakt med Vossa Jazz-kontoret eller stikk innom, vrenglommene og lever det du måtte ha av arkivverdig materiale.

Dersom det er gjenstandar, opptak eller anna som eigaren ikkje ynskjer å gje slepp på, vil sjølvsagt Fylkesarkivet syta for at originalane kjem heim att straks naudsynt kopiering er gjort.

### Bukkane Bruse

Parallelt med innsamlingsarbeidet, har Vossa Jazz gåande eit eige arkiverings- og systematiseringsarbeid, og her har ein blese støvet av Bukkane Bruse: tre røynde festivalveteranar. Lars Mossefinn har teke på seg jobben med å systematisera Vossa Jazz sitt eige fotoarkiv. Dag Helleve og Lars Kvamsdal skal hjelpa Vossa Jazz-leiinga med innsamlingsdelen og finna måtar å ta vare på det som måtte koma inn av munnlege kjelder, lydopptak og anna. Og her skal ingen stangast i fossen, men koma seg velberga til seters og verta smellfeite på gode Vossa Jazz-materiale.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no


VOSS JAZZ Festival mars 1974
Jan Garbareks kvartett
Satans Horn
Mal Waldron Quintet
Stokstad - Jensens Tradjassband
Art Ensemble of Chicago
Paul Weeden Quartet
Fossegrimen
Kjetil Bjørnstad
Frode Tingnæs Kvintett
m.m.
1.-2.-3. mars
information:
Voss 12178.13-17


VOSSA JAZZ 77
18. 19. 20. MARS 1977


VOSSA
JAZZ
VINTER FESTIVAL


Vossa Jazz
1976
5701 Voss, den 3.2. 1976
Vinter–jazzfestival!


VOSSA
JAZZ
POSTBOKS 223 – 5701 VOSS

VOSSA JAZZ

07. – 09. APRIL 2017
3 DAGAR ATT

- PROGRAM 2017
- BILLETTAR
- OM VOSSA JAZZ
- KONTAKT
- FRIVILLIG
- PRAKTISK INFO
- BILETE

VOSSA JAZZ lauget



## KARIN KROG OG JOHN SURMAN: «INFINITE PATHS»

Me gler oss til å presentera denne stjerneduoen for Vossa Jazz-publikummet i april.

fredag 7. apr 20:30 | Gamlekinoen | KJØP BILLETT



## BUSHMAN'S REVENGE

Vossa Jazz gler seg til å presentera Noregs beste jazz-rockarar for festivalgjengarane.

fredag 7. apr 21:00 | Park – festsalen | KJØP BILLETT



## HIGHASAKITE

Highasakite kjem til Vossa Jazz!

fredag 7. apr 22:00 | Park – Vossasalen | KJØP BILLETT



## BOGUE CHITTO

Med ein rufsete miks av norsk, afrikansk og amerikansk folkemusikk i handbagasjen, susar Rosseklovnkleppen avgarde på støvete interkontinentale landevegar.

fredag 7. apr 22:00 | Park – Café Stationen | KJØP BILLETT








P4 16-18 tirsdag
03-09-02
DAT
For Professional Use
P4 18-20 mandag
23-09-02
124P
FUJI

| Artist | År | Stad | Format |
|---|---|---|---|
| Miller/Baron | 1996 | Voss Kino | DAT |
| Åberg, Lennart (Kvartett) | 1996 | Festsal | DAT |
| McLaughin, John (Trio) | 1989 | Vossa Jazz | DAT |
| McLaughin, John (Trio) | 1989 | Vossa Jazz | DAT |
| Dahlstrøms Organ Quartet m/Ranox Brecker og Kåre Kolve | 1995 | Pentagon | DAT |
| Zawinul, Joe | 1995 | Vossevangen | DAT |
| Veslefrekk Tingingsverk | 1995 | Vossa Jazz | DAT |
| Lincoln, Abbey | 2000 | Vossa Jazz | DAT |
| McLaughin, John (Trio) | 1989 | Vossa Jazz | DAT |
| Hoff, Jan Gunnar (Kvartet) | 1995 | Stationen | DAT |
| Veslefrekk Tingingsverk | 1995 | Vossa Jazz | DAT |
| L`orchestre de Contrabasses | 1996 | Vossa Jazz | DAT |
| Shepard, Anoy (Bergen BLG Band) | 1996 | Vossa Jazz | DAT |
| Brigdewater, Dee Dee | 1996 | Idrettshall | DAT |
| Reeves, Diana | 1995 | Idrettshall | DAT |
| Lincoln, Abbey | 1994 | Idrettshall | DAT |
| Molvær, Nils Petter ("Labyrinter") | 1996 | Vossa Jazz | DAT |
| Coughlaw, Mary | 1996 | Fleischer Hotell | DAT |
| Diverse artister | | Vossa Jazz | DAT |
| Threadgil, Henry | | Vossa Jazz | Kassett |
| Erling Kroner Tentet | | Vossa Jazz | Kassett |
| Jazz, Joe | 1991 | Vossa Jazz | Kassett |
| Vossa Jazz 97 | 1997 | Vossa Jazz | Kassett |
| Sheppard, Andy | 1990 | Vossa Jazz | Kassett |
| Perkiömäki, Jari | | Vossa Jazz | Kassett |
| Stern, Mike | | Vossa Jazz | Kassett |
| Walker, Joe Lewis | 1987 | Vossa Jazz | Kassett |
| Pl. Catherin | | Vossa Jazz | Kassett |
| Endresen/Bugge | 2002 | Idrettshall | Kassett |
| Walker, Joe Lewis | | Vossa Jazz | Kassett |
| Joao/Endresen/Bugge | 2002 | Idrettshall | Kassett |
| Joao/Endresen/Bugge | 2002 | Idrettshall | Kassett |